



KULTURPOSTEN

JANUAR 2018

Informasjonsskriv frå kulturadministrasjonen i Radøy kommune



Sjøbua i Lysekappen.



RADØY
den grøne øya

KULTURPOSTEN JANUAR 2018

Frivilligprisen til Sandra Morken Reigstad

Radøy kommune sin frivilligpris for 2017 gjekk til Sandra Morken Reigstad (21 år). Sandra fekk prisen for den innsatsen ho har lagt ned som frivillig i Radøy ungdomsklubb i fleire år.

Sandra stiller opp på dei fleste arrangement som ungdomsklubben og ungdomskoordinatoren arrangerer både for barn og for ungdom. Kvar torsdag er ho med og hjelper til på ungdomsklubben, der ho kjem rett frå jobb på ungdomsskulen. Ho står i kiosken, set i gang aktivitetar, og passar på at alle har det bra. Og ho har gode samtalar med dei unge. I skuleferiar stiller Sandra som ungdomsvakt og hjelper til med arrangement for barn og går også inn i rolla som rettleiar for ungdomane som er medhjelparar. På større arrangement ein gong i månaden som nattcupar, juleball eller glowparty er ho også med og tek ansvar – både for planlegging og gjennomføring.

Prisen i år er eit maleri laga av Elna Bauge.



Kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027 vedtatt

I kommunestyremøtet 7. desember 2017 vart kulturminneplanen for Radøy kommune 2017-2027 vedtatt.

Planen identifiserer og prioriterer dei viktigaste kulturminna i kommunen og skal leggja grunnlaget for kommunen sitt arbeid med kulturminne i planperioden. Kulturminneplanen vil vera eit viktig verktøy for areal-, plan- og byggesakshandsaminga i kommunen for å betre kunna ta omsyn til kulturminneverdiane.



Handlingsplanen og listene over *Sjøbua i Lyseknappen*, kulturminne i dei ulike verneklassane vert rullerte årleg.

Handlingsplanen vil verta trykt og gjort tilgjengeleg på nett om kort tid.

KULTURPOSTEN JANUAR 2018

Arrangement i Kulturdagane 2018?

Kulturdagane i Radøy vert arrangert i perioden 20.-29. april 2018. Dette er dei siste kulturdagane i Radøy kommune.

Har du, laget ditt eller verksemda di noko de ynskjer å bidra med? Då høyrer me gjerne frå deg! Frist for å melda inn arrangement er 25. januar.

Kontaktperson for kulturdagane er Bente K. Hervik e-post: bente.hervik@radoy.kommune.no / tlf. 56 34 90 12.

Tilskot til arrangement under kulturdagane

Radøy kommune har sett av midlar til gjennomføring av arrangement under kulturdagane. Tilskot kan gjevast til opne kulturarrangement. Arrangement og prosjekt som er nyskapande vert prioriterte.

Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som underskotsgaranti eller direkte tilskot.

Søknaden skal innehalda skildring av arrangementet, budsjett og finansieringsplan.

Tilskotet vert utbetalt etter at tiltaket er gjennomført.

Søknad kan sendast Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller postmottak@radoy.kommune.no

Søknadsfristen er 1. februar.

Høyring - Retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen

Radøy kommune har utarbeidd utkast til retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen. Retningslinene gjeld idrettshallen og bassenga, og omfattar ikkje Ungdomens hus eller skytebana. Retningslinene gjeld både prioritering ved fordeling av faste leigetider og ved arrangement og aktivitetar.

Utkast til retningsliner ligg ved.

Innspel kan sendast per post til Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller e-post postmottak@radoy.kommune.no.

Frist for å koma med innspel er sett til 25. januar.

KULTURPOSTEN JANUAR 2018

Aktuelle tilskotsordningar

Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for born og ungdom (Hordaland fylkeskommune)

Prosjekt som gjer dei aktive vala enkle for barn og ungdom i lokalmiljøa. Tiltaka skal gje ny kompetanse og overføringsverdi til andre kommunar og organisasjonar. Søknadsfristen er 15. februar.

Sjå fullstendig oversikt over tilskotsordningar i Hordaland fylkeskommune på <https://www.hordaland.no/nn-NO/>

For søknadsskjema og meir informasjon om søknadsordninga, sjå <https://www.hordaland.no/nn-NO/idrett-og-friluftsliv/fysisk-aktivitet/tilskot-til-lavterskel-fysisk-aktivitet-for-born-og-ungdom/>

Tilskot til friluftsaktivitet (Hordaland fylkeskommune/Miljødirektoratet)

Det blir primært gitt tilskot til friluftstiltak som stimulerer til direkte friluftsaktivitet, som til dømes organiserte turar, friluftsleirar, praktiske kurs og anna opplæring i friluftslivsaktivitetar. Delar av tilskotet kan nyttast til innkjøp av enkelt utstyr og materiell som medverkar til å fremja friluftslivsaktivitetane. Søknadsfrist 1. februar.

For meir informasjon om søknadsskjema, sjå <https://www.hordaland.no/nn-NO/idrett-og-fri-luftsliv/friluftsliv/tilskot-til-friluftsaktivitet-kap.-1420-post-78/>

Turskiltprosjeket (Hordaland fylkeskommune)

Formålet med turskiltprosjektet er å bidra til auka og trygg friluftsferdsle der folk bur og oppheld seg, gjennom informasjon, skilting og merking. Prosjektmidlane skal gå til merking og skilting av turruter i tråd med Merkehåndboka og «Manual – Turskiltprosjektet». Søknadsfrist er 15. februar.

For meir informasjon og søknadsskjema, sjå <https://www.hordaland.no/nn-NO/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/turskiltprosjektet/>

Om noko lag ynskjer å søkja i samarbeid med Radøy kommune, ta kontakt med Bente K. Hervik på tlf. 56 34 90 12 eller e-post bente.hervik@radoy.kommune.no

Leiaropplæring (Radøy kommune)

Det kan gjevast støtte til lag og organisasjonar til å dekka utgifter til relevante kurs for leiarar, styremedlemer, trenrarar og instruktørar i laget. Med relevante kurs meiner ein at kurset skal skal ha tilbakeføringsverdi til laget. Søknadsfrist heile året.

Prosjekt- og aktivitetsstøtte (Radøy kommune)

Tilskot kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som underskotsgaranti eller direkte tilskot. Søknadsfrist heile året.

For meir informasjon om tilskotsordningane, sjå <http://www.radoy.kommune.no/kulturmidlar>

KULTURPOSTEN JANUAR 2018

Aktuelle tilskotsordningar forts.

Midlar til integrering- og inkluderingsstiltak (Radøy kommune)

Lag og organisasjonar kan søkja om midlar til inkluderings- og integreringstiltak i Radøy kommune. Tilskotsordninga har som føremål å stimulera til deltaking i kultur- og fritidsaktiviteter for menneske med særskilte behov, samt for flyktnigar og innvandrarar, som har behov for særskilt tilrettelegging for integrering i lokalsamfunnet. Tiltak retta mot barn og unge vert prioritert.

Det kan søkjast om midlar til:

- arrangement som krev særskilt tilrettelegging for deltaking for målgruppene.
- andre tiltak i tråd med målsettinga for tilskotet kan vurderast særskilt.



Internasjonal kafé var eitt av tiltaka som fekk støtte til inkluderings- og integreringstiltak hausten 2017.

Det vert ikkje løyvd midlar til å dekke lovpålagede tenester over tilskotsordninga.

Det er kr 40 000 til fordeling kvart halvår. Neste søknadsfrist er 1. mars.

Søknad kan sendast Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til postmottak@radoy.kommune.no

Leiaropplæring (Radøy kommune)

Det kan gjevest støtte til lag og organisasjonar til å dekka utgifter til relevante kurs for leiarar, styremedlemer, trenarar og instruktørar i laget. Med relevante kurs meiner ein at kurset skal ha tilbakeføringsverdi til laget. Søknadsfrist heile året.

For meir informasjon, sjå <http://radoy.kommune.no/kulturmidlar>

Prosjekt- og aktivitetsstøtte (Radøy kommune)

Tilskot kan gjevest til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande, vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevest som underskotsgaranti eller direkte tilskot.

For meir informasjon, sjå <http://www.radoy.kommune.no/kulturmidlar>

KULTURPOSTEN JANUAR 2018

Tilskotsordningar - årsoversikt

Dato	Tilskotsordning	Meir info
Heile året	Prosjekt- og aktivitetsstøtte	www.radoy.kommune.no/kulturmidlar
	Tilskot til leiaropplæring	www.radoy.kommune.no/kulturmidlar
24. januar	BKK sosial energi	https://www.bkk.no/sosialenergi
1. februar	Tilskot til friluftsaktivitet	https://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/
15. februar	Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom	https://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/
	Lokale friluftslivstiltak	https://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/
	Turskiltprosjektet	https://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/
1. mars	Momskompensasjon idrettsanlegg	https://lottstift.no/nb/tilskuddsordninger/om-momskompensasjon-idrettsanlegg/
	Integrering- og integreringstilskot	www.radoy.kommune.no/inkluderingintegrering
	Prosjekttilstskot Større kulturprosjekt	https://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/
	Prosjekttilstskot - kunst og kulturprofessionell	https://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/
	Prosjekttilstskot - amatør	https://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/
15. mars	ExtraStiftelsen	https://www.extrastiftelsen.no/
19. mars	SR-bank	https://srstiftelsen.no/
1. april	Allmennnyttige midler - Sparebanken vest	https://www.spv.no/om-oss/samfunnsansvar/allmennnyttige-midler
	Lokale kulturybygg	https://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/
	Storebrand "Vi heier på"	https://www.storebrand.no/om-storebrand/vi-heier-pa-konkurransen
4. april	Cato Plettens mindefond	Sjå vedlegg. Vert også annonsert på kommunen sine nettsider.
30. april	Mindre investeringar i eigne bygg og anlegg	www.radoy.kommune.no/kulturmidlar
	Driftsmidlar til lag og organisasjonar	www.radoy.kommune.no/kulturmidlar

KULTURPOSTEN JANUAR 2018

Tilskotsordningar - årsoversikt forts.

Dato	Tilskotsordning	Meir info
1. juni	Kulturelt utviklingsprogram	https://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/
	Tilskot til arrangement i kystsogevekene	www.kystsogevekene.no
1. september	Kulturminnefondet i Radøy kommune	www.radoy.kommune.no/kulturmidlar
	Prosjekttiskot - amatør	https://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/
	Prosjekttiskot Større kulturprosjekt	https://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/
	Prosjekttiskot - kunst og kultur	https://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/
	Momskompensasjon - generell ordning	https://lottstift.no/nb/tilskuddsordninger/om-momskompensasjon-generell-ordning/
15. september	Gjensidigestiftelsen	http://www.gjensidigestiftelsen.no/
15. september	Extrastiftelsen	https://www.extrastiftelsen.no/
1. oktober	Integrering- og integreringstiskot	www.radoy.kommune.no/inkluderingintegrrering
26. oktober	Tilskot til lokal samfunnsutvikling (Liv og lyst)	https://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/
1. november	Spelemidlar	www.anleggsregisteret.no
	Norsk kulturminnefond	www.kulturminnefondet.no
1. desember	Tilskot til verna kulturminne i Hordaland	

I tillegg har Norsk kulturråd ei rekke tilskotsordningar med fristar fordele utover heile året. Sjå www.kulturradet.no

Viktige fristar 2018

25. januar	Frist for å melda inn arrangement til kulturdagane
1. april	Frist for å foreslå kandidatar til kulturprisen
4. april	Frist for å foreslå kandidatar til Cato Plettens mindefond
1. mai	Frist for å melda inn arrangement til kystsogevekene
15. oktober	Frist for å søkja idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for anlegg som skal søkja spelemidlar søknadsrunden 2019
November	Frist for å foreslå kandidatar til frivilligprisen

KULTURPOSTEN JANUAR 2018

Større arrangement som er meld inn

16. februar	Valentinesparty (for ungdomsklubben)
10. mars	UKM
24. mars	nattcup volleyball
20.-29. april	Kulturdagar i Radøy
5. mai	Strandryddedagen
1. juni	Cowboy party (for ungdomsklubben)
4. august-16. september	Kystsogevekene
17. november	Mangerfestivalen

Kulturkalenderen

Ved å ta i bruk kulturkalenderen på kommunen sine nettsider kan ein unngå uheldige kollisjonar mellom arrangement. Hugs å leggja dine arrangement inn i kulturkalenderen på Radøy kommune sine nettsider så snart du veit tidspunktet for arrangementet! Opplysningar om arrangementa kan leggjast til eller endrast seinare.

Slik gjer du det:

1. Gå til www.radoy.kommune.no og trykk på "Sjå kalender for heile Nordhordland".
2. Trykk på Registrer arrangement.
3. Fyll ut skjemaet og trykk på send.

Har du spørsmål eller treng du hjelp, kontakt Bente K. Hervik på tlf. 56 34 90 12 eller e-post bente.hervik@radoy.kommune.no.

Kalender: [Kulturkalender Radøy](#)

Frå: 18 januar 2018 [?](#)

Til: 18 mai 2018 [RSS](#)

[Registrer arrangement](#)

Torsdag 18. jan.

18.1 14:30	Ungdomsklubb og open hall	Anna
---------------	---	------

Kulturkalender Radøy

Torsdag 18. jan.



RADØY KOMMUNE
Kultur- og sørvistorget